



Kommunal- og distriktsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Skjønnsmidlar 2022 – fordeling av resten av ramma for Vestland

Statsforvaltaren i Vestland har att kr 15 396 000 i skjønnsmidlar som ikkje er fordelte til kommunane. Etter nærmare vurderingar av kommunar som er aktuelle for tildeling av midlar etter retningslinjene til departementet og vår kjennskap om tilhøva i kommunane, har vi gjort følgjande fordeling av midlane:

Kommune	kroner
4602 Kinn	3 500 000
4624 Bjørnafjorden	3 896 000
4626 Øygarden	3 500 000
4630 Osterøy	2 250 000
4650 Gloppen	2 250 000
<b>SUM</b>	<b>15 396 000</b>

Vi har i fordelinga teke omsyn til

- at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar
- ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi og behov
- at skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar
- utgifter etter ekstraordinære hendingar og økonomiske utfordringar som har oppstått gjennom året.

### Kinn

Kommunen har svak økonomi, med disposisjonsfond som ligg under tilrådd norm og svært høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. Kommunen er difor utsett for uføresette hendingar som kan få negative økonomiske konsekvensar, og som får følgjer for tenester til innbyggjarane. Kommunen får ut i frå dette tildelt 3,5 mill. kroner av ramma for restskjønnsmidlar, og at desse midlane skal bidra til å styrkje frie reservar gjennom auka disposisjonsfond. Det betyr at kommunen



må gjennomføre tiltak for å sikre økonomisk balanse, og vidare skaffe seg rom for avsetjingar til frie reservar som sikrar at handleevna blir vareteke over tid.

### **Bjørnafjorden**

Kommunen var med i prosjektet statleg finansieringsordning av omsorgstenester, men det vart avslutta eitt år før opphavleg avtalt prosjektperiode. Dette har gjeve kommunen ei stor økonomisk utfordring. I prosjektet, som har vart sidan 2016, fekk kommunen utbetalt øyremerka tilskot etter utførte vedtak i omsorgssektoren. Desse tilskota var vesentleg høgare enn det kommunen no får gjennom rammetilskotet (frå 2022). Utfordringa er etter dette, at bortfall av øyremerka tilskot er mykje større enn det trekket kommunen har hatt i rammetilskotet. Kommunen har sett i verk fleire tiltak og prosjekt som skal redusere utgiftene i omsorgssektoren. For overordna økonomi har kommunen høge frie driftsfond, men og høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. Statsforvaltaren har vurdert at utfordringa som kommunen har fått etter at prosjektet statleg finansieringsordning vart avslutta før opphavleg avtalt prosjektperiode, er ei ekstraordinær hending som gjev økonomiske utfordringar. Kommunen får difor tildelt kr 3 896 000 i skjønsmidlar til tilpassing i ein overgang mellom øyremerka midlar og rammetilskot.

### **Øygarden**

Øygarden kommunen har ein utfordrande økonomisk situasjon med små driftsreservar gjennom lågt disposisjonsfond og høg lånegjeld målt etter driftsinntektene. Rekneskapan for 2021 fekk eit netto driftsresultat på 0,3 prosent. Kommunen er difor utsett for uføresette hendingar som kan få negative økonomiske konsekvensar, og som får følgjer for tenester til innbyggjarane. Kommunen får ut i frå dette tildelt 3,5 mill. kroner av ramma for restskjønnsmidlar, og at desse midlane skal bidra til å styrkje frie reservar gjennom auka disposisjonsfond. Det betyr at kommunen må gjennomføre tiltak for å sikre økonomisk balanse, og vidare skaffe seg rom for avsetjingar til frie reservar som sikrar at handleevna blir vareteke over tid.

### **Osterøy**

Etter utmelding av Robek-registeret i 2021, har kommunen framleis ein svak økonomi med små driftsreservar gjennom lågt disposisjonsfond. Etter vår samla vurderingar av kommunens overordna økonomi, har kommunen ein risiko for at uføresette hendingar med negativ økonomisk konsekvens får følgjer for tenester til innbyggjarane. Kommunen får ut i frå dette tildelt 2,250 mill. kroner av ramma for restskjønnsmidlar, og at desse midlane skal bidra til å styrkje frie reservar gjennom å auke disposisjonsfondet. Det betyr at kommunen må gjennomføre tiltak for å sikre økonomisk balanse, og vidare skaffe seg rom for avsetjingar til frie reservar som sikrar at handleevna blir vareteke over tid.

### **Gloppen**

Gloppen vart meldt ut av Robek-registeret i juni 2022. Etter tida i Robek har kommunen låge frie reservar (disposisjonsfond), og i tillegg ei høg lånegjeld. Dette gjer at kommunen framleis har svak økonomi, og treng tid og ressursar frå å byggje opp eit økonomisk handlingsrom med nødvendige driftsreservar. Kommunen får etter dette tildelt 2,250 mill. kroner av ramma for restskjønnsmidlar.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi:

Kinn kommune

Bjørnafjorden kommune

Øygarden kommune

Osterøy kommune

Gloppen kommune